

Protokoll frå årsmøtet i LHL Luster 2021

Tysdag 1. juni 2021 kl. 18.00

på Grandmo lagshus, Gaupne

Sakliste:

1. Opning
2. Konstituering
3. Årsmelding 2020
4. Rekneskap 2020
5. Budsjett 2021
6. Innkomne saker
7. Val 2021

Sak 1: Opning

Ole Jan Sønnesyn ønske velkomen til årsmøtet. Han fekk fram at årsmøtet hadde vore under planlegging sidan desember, og at vi altså måtte vente til mai før det var greitt og innanfor retningslinene til LHL å halde årsmøtet. Han gjorde framlegg om Olav Moe som møteleiar. Det var 19 påmelde og 14 som møtte.

« 2: Konstituering

Framlegg:

Innkalling og sakliste. Ingen merknader. **Godkjend.**

Møteleiar: Olav Moe

Skrivar: Anne Marie Flateby

Godkjenning av møteprotokoll: Oddvar Kvalsøren, Ingebjørg Sørensen

Vedtak: Alle framlegga samrøystes godkjende.

« 3: Årsmelding 2020

Anne Marie Flateby gjekk gjennom årsmeldinga. Ingen spørsmål, kommentarar eller merknader.

Vedtak: Årsmeldinga samrøystes godkjend.

« 4: Rekneskapen 2020

Ole Jan Sønnesyn gjekk gjennom rekneskapen for 2020. Dette var revidert av Sverre Bukve og Jon Galde. Driftsresultatet synte eit overskot på kr. 25 717,00. Ingen merknader.

Vedtak: Rekneskapen samrøystes godkjend.

« 5: Budsjett 2021

Ole Jan gjorde greie for budsjettet for kommande år. Ingen merknader.

Vedtak: Budsjettet samrøystes vedteke

« 6: Innkomne saker

Ingen innkomne saker til årsmøtet.

« 7: Val 2021

Møteleiaren som også er leiar i valnemnda og har hatt med seg Per Hess, Jakob Øygard, gjorde greie for valet. Festnemnd evt. andre nemnder er noko styret sjølv oppnemner etter behov – det er ikkje eit krav i vedtektene.

Det var gjort følgjande framlegg til styre og nemnder i LHL Luster for 2021:

Leiar:	Kjellrun Vigdal	attval – for 1 år
Styremedlem:	Oddvar Kvalsøren	attval – for 2 år
Styremedlem:	Kjell Vedvik	ny – for 2 år

Styremedlemmar ikkje på val:

Anne Marie Flateby – for 1 år

Odd Jarle Øy – for 1 år

Varamedlemmar:

- 1. varamedlem til styret:** Astrid Margrethe Hansen - for 2 år
- 2. varamedlem til styret:** Jon Normann Sterri - for 2 år
- 3. varamedlem til styret:** Bjarne Gudmund Stein - for 1 år

Revisor: Sverre Bukve - attval for 1 år

Revisor: Jon Galde - attval for 1 år

Utsendingar til fylkesårsmøtet i LHL: Leiar og den/dei som styret vel. Årsmøtet gir altså styret fullmakt til å velje utsending i tillegg til leiaren

Styret sitt framlegg til valnemnd for 2021:

Olav Moe, leiar

Sigrid Hamre Nyseth

Ole Jan Sønnesyn

Vedtak: Valnemnda sine framlegg vart samrøystes vedteke.

Astrid Høgi og Aud Kristoffersen var på val dette året. Dei valde å ikkje ta attval og fekk kvar sin blome som takk.

Etter årsmøtet vart det matøkt med snittar, «Verdens beste» og kaffe. God mat frå ATS og fint dekket bord og servering av festnemnda.

«Hjartestartarar og hjartestartargruppene i Luster»

Etter matøkta fekk **Ove Fortun frå Røde Kors Luster** ordet. Han heldt eit engasjert føredrag om «Hjartestartarar og hjartestartargruppene i Luster». Dei frammøtte fekk eit godt innblikk i korleis dei 14 hjartestartargruppene med 140 frivillige i bygdene i Luster fungerer i dag.

Møtet slutt!

Anne Marie Flateby
Anne Marie Flateby

Referent

Protokollen er funnen i samsvar med årsmøtet og godkjend:

Oddvar Kvalsøren

Oddvar Kvalsøren

Ingebjørg Sørensen

Ingebjørg Sørensen